

07 MÅLEFEIL

Føreløsing ved

Professor Kjell Henry Knivsflå,
Institutt for regnskap, revisjon og rettsvitenskap,
NHH




E-post: kjell.knivsfla@nhh.no;

Twitter: @KjellKnivsfla



07-1

RAMMEVERK FOR REKNESKAPSANALYSE




07-2

INNHALD FØRELESING 07

1) OVERSIKT OVER MÅLEFEIL:

- 2) MÅLEFEIL AV TYPE 1 – «THE GOOD,»
- 3) MÅLEFEIL AV TYPE 2 – «THE BAD, AND»
- 4) MÅLEFEIL AV TYPE 3 – «THE UGLY»




07-3

FØRELESING 07

1.


MÅLEFEIL OVERSIKT



Føreløsar seier han er 2 meter høg, men er i røynda 1,92 eller der ikring
Då er målefeilen 2,00 - 1,92 = 8 cm, dvs overrapportering

07-4

KOR GOD ER AVBILDINGA? STEG 2.3



07-5

GENERELT OM MÅLEFEIL

MÅLEFEIL

= RAPPORTERT – «VERKELEG»

DVS AT VERKSEMDA RAPPORTERER NOKO ANNA ENN «VERKELEGE» TAL – ELLER ALTSÅ «SANNINGA»

MÅLEFEIL VERT OGSÅ KALLA RAPPORTERINGSFEIL

FØRESETNAD
Vi ønsker å måle «verkelege» økonomiske forhold ... eller altså få fram «sanninga»



07-6

MÅLEFEIL I RESULTAT OG BALANSE

- 1) MÅLEFEIL I RESULTATREKNESKAPEN, TIL DØMES I NETTORESULTATET TIL EK:

FNR - VNR,

FNR > VNR inneber at selskapet rapporterer eit nettoresultat som er **større** enn det «verkelege» – altså **overrapporterer** resultatet

der FNR er **fullstendig nettoresultat** til eigenkapital slik det er rapportert i finansrekneskapen (årsrapporten) og VNR er det «verkelege» nettoresultatet i økonomisk forstand

- 2) MÅLEFEIL I BALANSEN, TIL DØMES I EIGENKAPITAL:

EK - VEK,


EK < VEK inneber at selskapet rapporterer ein eigenkapital som er **mindre** enn verkeleg, dvs **underrapporterer** ek

der EK er **rapportert** eigenkapital og VEK er **verkeleg** eigenkapital

07-7

SAMLA MÅLEFEIL I RESULTAT OG BALANSE

3) = MÅLEFEIL I RENTABILITET



Rentabilitet = resultat/kapital

Rentabilitet vert definert i førelesing **11**

07-8

1.1

MÅLEFEIL I EK-RENTABILITET

MÅLEFEIL I FULLSTENDIG RENTABILITET ER EIT **RELATIVT** MÅL PÅ DEN SAMLA MÅLEFEILEN I RESULTAT OG BALANSE:


$$\text{FNR/EK} - \text{VNR/VEK}$$

Rapportert
fullstendig
EK-rentabilitet,
fekr

Sjå 1)

Verkeleg
EK-rentabilitet,
vekr

Sjå 2)



07-9

1)

FULLSTENDIG ekr

Fullstendig resultat = normalresultat +
unormalt resultat, dvs $\text{FNR} = \text{NRE} +$
 UNRE , sjå føreløsing 04

Fullstending ekr

FNR/EK

=

NRE/EK

+

UNRE/EK

$$\text{fekr} = \text{ekr} + \text{uekr}$$

Normalrentabilitet

Unormal

= svingingar rundt
det normale

07-10

2)

VERKELEG ekr

Verkeleg ekr, målt til dømes som realisert børsavkasting,

VNR/VEK

=

VNRE/VEK

+

VUNRE/VEK

$$\text{vekr} = \text{ekr} + \text{uvekr}$$

Normalavkasting

= **kravet**

Unormal

= svingingar rundt
det normale

Kravet vert drøfta i føreløsing 10

07-11



MÅLEFEIL I FULLSTENDIG EK-RENTABILITET

$$= \text{fekr} - \text{vekr}$$

$$= (\text{ekr} + \text{uekr}) - (\text{ekr} + \text{uvekr})$$

$$= \text{ekr} - \text{ekr} + (\text{uekr} - \text{uvekr})$$

NORMAL MÅLEFEIL

«STØY»

→ Sidan vi i rentabilitetsanalyse fokuserer på normaliserte tal (sjå føreløsing 11), så er det den normaliserte målefeilen vi er opptekne av!

07-12

1.2

MÅLEFEIL

I NORMALISERT EK-RENTABILITET

- ELLER BERRE «MÅLEFEILEN»:

$$MF = ekr - ekk$$

Normalisert EK-
rentabilitet

EK-kravet,
dvs den normaliserte børsavkastninga

→ **MEN** ER IKKJE DETTE MÅLT STRATEGISK FORDEL
– OG DERFOR NOKO «BRA»? **KORLEIS KAN MÅLE-
FEIL VERE «BRA»?**

Målt strategisk fordel,
sjå forelesing 02

07-13

ER MÅLEFEIL «BRA»?

N...JA!

→ **MEN** VI SKAL SJÅ VED HJELP AV DE-
KOMPONERING AT **IKKJE ALL** MÅLEFEIL
ER BRA

07-14

DEKOMPONERING AV MÅLEFEIL I EK-RENTABILITET

$$MF = ekr - ekk$$

ekr* = ekr med «god» måling

$$= ekr^* - ekk + ekr - ekr^*$$

MÅLE-
FEIL AV
TYPE 1

Målefeil i samsvar med «god»
rentabilitetsmåling, ekr*

dvs **GOD** måling av
strategisk fordel

Målefeil pga at rapportert ekr
avvik frå «god» rentabilitets-
måling, dvs **målefeil på grunn**
av **DÅRLEG** måling

07-15

DEKOMPONERING AV MÅLEFEIL I EK-RENTABILITET

$$MF = ekr - ekk$$

$$= ekr^* - ekk$$

ekr* = ekr med «god» måling,
ekr_{GRS} = ekr i samsvar med GRS

$$+ ekr - ekr^*$$

$$MF = ekr^* - ekk + ekr_{GRS} - ekr^* + ekr - ekr_{GRS}$$

MÅLE-
FEIL AV
TYPE 1

MÅLE-
FEIL AV
TYPE 2

Målefeil pga at rentabilitetsmåling etter
God Rekneskaps skikk avvik frå god
rentabilitetsmåling. Altså **målefeil pga**
dårleg måling i GRS

MÅLE-
FEIL AV
TYPE 3

Målefeil pga at
rapportert ekr avvik frå
ekr i samsvar med GRS
– altså **målefeil pga**
**kreativ rekne-
skapsføring** (og feil)

07-16

DØME

Kravet til avkastning på investert kapital er **10%**. God måling av rentabilitet på investert kapital tyder på at den er **20%**. Men rekneskapsreglane krev at selskapet skal vere forsiktig og berre rapportere **15%**. Selskapet rapporterer likevel **25%**

Målefeil av type 1 :	20% - 10%	=	10%	Den «faktiske» superrentabiliteten
+ Målefeil av type 2 :	15% - 20%	=	-5%	Rekneskapsreglane krev at selskapet skal vere forsiktig og underrapportere
+ Målefeil av type 3 :	25% - 15%	=	10%	Selskapet overrapporterer i høve til GRS
= Målefeil	25% - 10%	=	15%	Den rapporterte superrentabiliteten

07-17

MÅLT STRATEGISK FORDEL

$$MSF = SF + MF2 + MF3$$

= MF = MF1

SJÅ PUNKT 2 SJÅ PUNKT 3 SJÅ PUNKT 4

→ Målt strategisk fordel, ekr - ekk, er lik underliggjande strategisk fordel, ekr* - ekk, pluss målefeil av type 2 og 3



07-18

FØRELESING 07

2.

MÅLEFEIL AV TYPE 1 «THE GOOD»

MÅLEFEIL AV TYPE 1

$$MF1 = ekr^* - ekk,$$

ekr* er **eigenkapitalrentabilitet med «god» måling**
der * indikerer «god» måling

ekk er **eigenkapitalkravet**

→ **MF1 ER ANALYTISK INTERESSANT ELLER «GOD», AV DI MÅLEFEILEN ER EIT UTTRYKK FOR STRATEGISK FORDEL, DVS $MF1 = SF$; sjå førelesing 02 for meir om SF**

07-19

MÅLT STRATEGISK FORDEL AVHENG AV RAPPORTERINGSMODELL

1) KOSTMODELL

SJÅ PUNKT 2.1

Vi skal sjå at kostmodellen måler godt strategisk fordel ved å **drive** – og at modellen høver godt for verksemdar som skaper verdiar gjennom langsiktig drift

2) VERDIMODELL

SJÅ PUNKT 2.2

Vi skal sjå at verdimodellen måler godt strategisk fordel ved å **selje** – og at modellen høver godt for verksemdar som skaper verdiar gjennom kortsiktig trading

07-20

2.1

KOSTMODELL

Målefeil av type 1:

$$MF1 = SF = ekr^* - ekk$$

Ved kostmåling så måler rentabilitet avkasting på faktisk investert kapital

Superrentabilitet, $ekr^* - ekk$, måler derfor strategisk fordel til **faktiske investeringar**

07-21

DØME DRIFTSINVESTERING

Jamfør døme i føreling 06

År	0	1	2
Fri kontantstraum frå drift	-100	70	60

Kapitalkravet, k , er 10%

→ ER INVESTERINGA LØNSAM?

JA, DERSOM NETTO NOVERDI (NNV) ER POSITIV – JAMFØR INVESTERINGSANALYSE:

$$-100 + 70/1,1 + 60/1,1^2 = 13$$



07-22

KVA ER DEN PROSENTWISE ÅRLEGE RENTABILITETEN?

INTERNRENTA TIL INVESTERINGA UTTRYKKJER PROSENTVIS RENTABILITET:

$$-100 + 70/(1 + r^*) + 60/(1 + r^*)^2 = 0$$

$$\rightarrow r^* = \underline{0,2} \quad \text{dvs } 20\%$$

→ ER INVESTERINGA LØNSAM? **JA**, sidan

$$r^* - k = 0,2 - 0,1 = \underline{0,1} > 0$$

Investeringa skaper **superrentabilitet**, $r^* - k > 0$, og dermed ein «strategisk fordel»

Internrenta,
 r^* , er den diskonteringsrenta som gjev NNV = 0

Mange kalkulatorar og MS Excel har internrentefunksjon

07-23

KORLEIS FÅ EI REKNESKAPSFØRING SOM GJEV RENTABILITET LIK INTERNRENTE?

For at målt rekneskapsbasert rentabilitet, r , skal verte **lik** internrente, r^* :

$$r = \text{resultat/kapital} = r^*,$$

Vert rentabilitet rekna på **inngåande** kapital, er kapitalen lik inngåande kapital; sjå føreling 11

må rekneskapsbasert **resultat** vere lik internrente, r^* , multiplisert med kapitalen:

$$\text{Resultat} = r^* \cdot \text{kapital}$$

→ **Avskriving** er lik kontantstraum minus resultat, eller

$$\text{Avskriving} = \text{kontantstraum} - r^* \cdot \text{kapital}$$

Dette vert kalla **internrentebaserte avskrivingar**

... eller **amortisert kost** ved hjelp av **effektiv rentemetode**, jamfør finansiell gjeld (IFRS 9) 07-24

FINANSREKNESKAP

SLIK AT $ekr = ekr^*$

År	0	1	2
Fri kontantstrøm frå drift	-100	70	60
- Avskrivning - innrekning	-100	50	50
= Resultat	0	20	10
- Utbyte	-100	70	60
= Endring i egenkapital	100	-50	-50
Eigedelar	100	50	0
Eigenkapital	100	50	0
Eigenkapitalrentabilitet, ekr^*	0	0,2	0,2
- Eigenkapitalkrav, ekk	0	0,1	0,1
= Superrentabilitet = MF1	0	0,1	0,1

Rekneskapsføringa i dette dømet vart forklart i førelising 06

Avskrivning er kontantstrøm minus resultat, her tilfeldigvis lik lineær avskrivning

År 1: $70 - 0,2 \cdot 100 = 50$
År 2: $60 - 0,2 \cdot 50 = 50$

$0,2 \cdot 50$

$0,2 \cdot 100$

Denne rekneskapsføringa gjev $ekr = ekr^*$, dvs rentabilitet lik internrente

Kravet til rentabilitet over null tidsrom er lik 0

MERK at rentabilitet vert her rekna på inngåande balanse

07-25

DEN «GODE» MÅLEFEILEN FOR ANALYSE

FINANSREKNESKAPEN FORTTEL OSS AT

RENTABILITETEN ER **20%**, SOM ER **10% STØRRE** ENN KRAVET, SLIK AT VERKSEMDA ER **LØNSAM**

Merk at rentabiliteten måler avkastinga på ei investering – og ho variere dermed ikkje over tid

→ HER GJEV FINANSREKNESKAPEN EI 100% KORREKT RENTABILITETSMÅLING – OG SÅLEIS 100% KORREKT AVBILDING AV UNDERLIGGJANDE LØNSEMD. MÅLEFEILEN ER «**GOD**», ALTSÅ INFORMATIV!

07-26

HOVUDRESULTAT KOSTMODELL

MÅLEFEIL PGA REKNESKAPSFØRING TIL KOST ER

«**BRA**»!!!

FOR RENTABILITETSMÅLING

→ RENTABILITET VIL MÅLE AVKASTING PÅ GJENNOMFØRTE INVESTERINGAR – ELLER ALTSÅ PÅ FAKTISK INVESTERT KAPITAL – OG SUPERRENTABILITET VIL MÅLE STRATEGISK FORDEL TIL FAKTISKE INVESTERINGAR

07-27

2.2

VERDIMODELL

Målefeil av type 1:

$$MF1 = SF = ekr^* - ekk$$

Ved verdimåling så måler rentabilitet avkastning på reinvestert kapital, dvs som om eigedelane vart kjøpte og selde kvar periode

Superrentabilitet, $ekr^* - ekk$, vil måle strategisk fordel til alternative løpande investeringar

- og **ikkje** faktiske investeringar

07-28

DØME DRIFTSINVESTERING

År	0	1	2
Fri kontantstrøm frå drift	-100	70	60

Kapitalkravet, k , er **10%**

→ VERDI OG VERDIENDRING:

	<u>Verdi</u>	<u>Verdiendring</u>	
	Innrekning: 100	$100 - 0 =$	100
År 0:	$70/1,1 + 60/1,1^2 =$ 113	$113 - 100 =$	13
År 1:	$60/1,1 =$ 55	$55 - 113 =$	-58
År 2:	0	$0 - 55 =$	-55

Føreset at salsverdi er lågare enn driftsverdi, slik at det er optimalt å drive og verkeleg verdi er lik driftsverdi

07-29

FINANSREKNESKAP VERDIMODELLEN

År	0		1	2	
	Fri kontantstrøm frå drift	-100	0	70	60
+	Verdiendring (= innrekning - avskrivning)	100	13	-58	-55
=	Resultat	0	13	12	5
-	Netto betalt utbyte	-100	0	70	60
=	Endring i eigenkapital	100	13	-58	-55
	Eigedelar	100	113	55	0
	Eigenkapital	100	113	55	0
	Eigenkapitalrentabilitet, ekr		0,13	0,1	0,1
-	Eigenkapitalkrav, ekk		0,0	0,1	0,1
=	Superrentabilitet = MF1		0,13	0,0	0,0

Rekneskapsføringa i dette dømet vart forklart i føreløsing 06

Økonomisk avskrivning er kontantstrøm minus resultat

År 1: $70 - 0,1 \cdot 113 = 58$
År 2: $60 - 0,1 \cdot 55 = 55$

$0,1 \cdot 55$

$0,1 \cdot 113$

Denne rekneskapsføringa gjev **ekr = ekk**, dvs rentabilitet lik krav

Kravet til rentabilitet over null tidsrom er lik 0

Merk at rentabiliteten måler all avkastninga over året. Her vert all avkastning skapt i år 0 – ein superrentabilitet på 13%

MF1
i investeringsfasen

MF1 = 0
over haustingsfasen

07-30

HOVUDRESULTAT VERDIMODELL

MÅLEFEIL PGA REKNESKAPSFØRING TIL VERKELEG VERDI ER

= 0!!!

→ **NORMALISERT RENTABILITET VIL MÅLE ALTERNATIV AVKASTING PÅ LØPANDE REINVESTERT KAPITAL – ELLER ALTSÅ KRAVET. NORMAL SUPERRENTABILITET, DVS DEN STRATEGISKE FORDELEN AV Å «DRIVE», ER 0. ALL UNORMAL AVKASTING VERT SKAPT PÅ INVESTERINGSTIDSPUNKTET**

07-31

PROBLEM VERDIMODELL

VERDIMODELLEN **ELIMINERER** MÅLEFEIL AV TYPE 1, ALTSÅ DEN «GODE» MÅLEFEILEN, OVER DRIFTSPERIODEN

→ **RENTABILITETSMÅLING OG STRATEGISK RENTABILITETSANALYSE AV DRIFT VERT I PRINSIPPET IRRELEVANT**

FOKUS SKIFTAR FRÅ RENTABILITET OG **SUPERRENTABILITET** PÅ DRIFT TIL AVKASTING OG **UNORMAL AVKASTING** PÅ KJØP OG SAL AV EIGEDELAR

07-32

2.3

EVALUERING KOST- KONTRA VERDIMODELL

FRÅ **DØMET**:

Superrentabilitet\år	0	1	2
Kostmodell	0	0,1	0,1
Verdimodell	0,13	0	0

→ KOSTMODELLEN

Ingen superrentabilitet på investeringstidspunktet – **all superrentabilitet over driftsperioden**. Det er drifta av investeringane som er kjelda til verdiskaping

VERDIMODELLEN

All superrentabilitet på investeringstidspunktet – ingen superrentabilitet over driftsperioden. Det er gode kjøp (og sal, dvs «trading») som er kjelda til verdiskaping

07-33

KONKLUSJON KOST- KONTRA VERDIMODELL

KOSTMODELLEN HØVER FOR INVESTERINGAR SOM SKAL DRIVAST – ELLER SOM VERT HALDNE TIL FORFALL

VERDIMODELLEN HØVER FOR INVESTERINGAR SOM SKAL SELJAST – ELLER SOM VERT HALDNE FOR SAL

I DØMET ER KOSTMODELLEN **BEST** SIDAN DET ER EI DRIFTSINVESTERING

07-34

1)

RAPPORTERING TIL KOST GJEV FAKTISK RENTABILITET!!!

MÅLING ETTER KOSTMODELLEN GJER AT

på investert kapital

målt rentabilitet = **faktisk rentabilitet** + «målestøy»

i finansrekneskaper

→ SPØRSMÅL:

NÅR FAKTISK RENTABILITET RELEVANT?


07-35

FAKTISK RENTABILITET ER RELEVANT NÅR FORTID SEIER NOKO OM FRAMTID

SPØRSMÅL:
NÅR ER FAKTISK RENTABILITET RELEVANT?

SVAR:

NÅR FORTID SEIER NOKO OM FRAMTID:
RENTABILITETEN HELD DÅ FRAM MED EI VISS TILBAKEVENDING TIL TIDSGJENNOMSITTET



Beste prognose på framtidig rentabilitet avheng av historisk rentabilitet, jamfør framskriving av netto driftsrentabilitet i førelæsing 15

07-36

KOSTMODELL

MEST AKTUELT FOR DRIFT, DVS NDE

DRIFT kan skape bransje- og ressursorienterte strategiske fordeler. Fordelene kan være mellombølge eller varige – og såleis venta å halde fram i framtida; jamfør førelesing 02

→ **SUPERRENTABILITET VIL I «STOR» UTSTREKNING HALDE FRAM, MEN MED KLAR TENDENS TIL «MEAN REVERSION»**

MÅLING AV FAKTISK ELLER HISTORISK LØNSEMD MED EI VISS NORMALISERING AV EINGONGSPOSTAR ER DERFOR MEST AKTUELT FOR DRIFT, DVS FOR NETTO DRIFTSEIGEDLAR – **NDE**

07-37

2)

RAPPORTERING TIL VERDI

GJEV ALTERNATIV RENTABILITET

... om ikkje eigedlane vart selde

RAPPORTERING TIL VERKELEG VERDI GJER AT

rentabilitet = rentabilitet i alternativ bruk + «målestøy»,

dvs lik ein **hypotetisk** rentabilitet som berre er aktuell ved sal – eller lik ein normalisert rentabilitet i form av **avkastingskravet**

→ **SPØRSMÅL:**

NÅR ER ALTERNATIV RENTABILITET RELEVANT?


07-38

ALTERNATIV RENTABILITET ER RELEVANT

NÅR FORTID IKKJE SEIER NOKO OM FRAMTID

SPØRSMÅL:
NÅR ER FAKTISK RENTABILITET IRRELEVANT?

SVAR:
NÅR FORTID SEIER LITE OM FRAMTID



Beste prognose på framtidig rentabilitet er vanlegvis normal avkastning; jamfør framskriving av **finansiell eigedelsrentabilitet** og **finansiell gjeldsrente** i førelesing 15

07-39

VERDIMODELL

MEST AKTUELL FOR FINANS, DVS NFG

FINANSIERING kan **vanskeleg** vere ei kjelde til **strategisk fordel** – gode og dårlege investeringar er meir tilfeldige og ikkje systematiske?

→ **SUPERRENTABILITET VIL I LITEN GRAD HALDE FRAM. DET VI KAN VENTE ER «BERRE» NORMALAVKASTINGA!**

MÅLING AV NORMALISERT ELLER HYPOTETISK LØNSEMD ER DIFOR MEST AKTUELT FOR FINANS, DVS FOR NETTO FINANSIELL GJELD – **NFG**

07-40

3.

MÅLEFEIL AV TYPE 2

«THE BAD»

MÅLEFEIL AV TYPE 2

$$MF2 = ekr_{GRS} - ekr^*,$$

ekr_{GRS} er egenkapitalrentabilitet **etter** god rekneskapsskikk, GRS
– det vere seg NGRS eller IFRS

ekr^* er egenkapitalrentabilitet med «god» måling av rentabilitet på investert kapital, dvs * indikerer «god» måling

→ MF2 ER «FEILMÅLING» I SAMSVAR MED GOD REKNESKAPSSIKK – DVS AT GRS TILLÈT ELLER KREV «DÅRLEG» MÅLING

07-41

KVIFOR VIL GRS INNEHALDE MF2?

- KVIFOR KAN GOD REKNESKAPSSIKK VERE «DÅRLEG»?

JAU, EI HOVUDÅRSÅK ER AT GRS MÅ TA MANGE OMSYN

NÅR VI SEIER «GOD», SÅ MEINER VI I ACC421A EI REKNESKAPSFØRING SOM VIL GJE **GOD MÅLING AV RENTABILITET** – OG SOM DERMED ER GOD FOR INVESTORORIENTERT ANALYSE

MEN GRS MÅ OGSÅ TA OMSYN TIL KREDITORORIENTERT ANALYSE – OG DÅ KAN DET VERE OPTIMALT Å HA REKNESKAPSREGLAR SOM ER MEIR **KONSERVATIVE** ENN DET SOM ER «GODT» FOR RENTABILITETSMÅLING

07-42

TRE KJELDER

TIL MÅLEFEIL AV TYPE 2

1) Målefeil i GRS pga manglande innrekning – eller altså manglande balanseføring

SJÅ PUNKT 3.1

2) Målefeil pga feil målemodell etter innrekning

SJÅ PUNKT 3.2

3) Målefeil pga feilmåling etter innrekning – eller altså pga feilperiodisering av innrekna verdi

SJÅ PUNKT 3.3

07-43

3.1

HOVUDKJELDE

MANGLANDE INNREKNING

DEN **POTENSIELT STØRSTE KJELDA** TIL MÅLEFEIL AV TYPE 2 ER

MANGLANDE BALANSEFØRING

SLIK AT KAPITALEN ER **UNDERVURDERT** OG RENTABILITET **OVERVURDERT**



07-44

KJELDER TIL MANGLANDE INNREKNING

Sjå
førelesing
06

- 1) Krav i GRS om direkte kostnadsføring av **forsking** og ikkje balanseføring av **eigen-genererte immaterielle eigedelar**, inkludert goodwill

SJÅ PUNKT 1)

- 2) Krav om **individuell innrekning og vurdering** – og ikkje «porteføljevurdering»

SJÅ PUNKT 2)

07-45

1)

DØME INVESTERING I FORSKING

År	0	1	2
Fri kontantstraum frå drift	-100	70	60

Kapitalkravet er 10%

La oss no seie at **20** av investeringa på 100 er i **forsking**

... eller investering i **marknadsføring** i forkant

07-46

REKNESKAPSFØRING IFRS - ~~KOST~~MODELL

År	0	1	2	
Fri kontantstraum frå drift	-100	70	60	
- Avskrivning - innrekning	-80	40	40	
= Resultat	-20	30	20	
- Utbyte	-100	70	60	
= Endring i egenkapital	80	-40	-40	
Eigedel	80	40	0	
Eigenkapital	80	40	0	
Rentabilitet, ekr	-0,2	0,375	0,5	
- Krav, ekk	0	0,100	0,1	
= Målt superrentabilitet = MF1 + MF2	-0,2	0,275	0,4	

IFRS:
I praksis
lineær av-
skrivning

IAS 38
Eigen forskning skal
ikkje balanse-
førast, men
kostnadsførast
direkte

Denne
rekneskaps-
føringa gjev

$ekr = ekr_{IFRS}$

07-47

DEKOMPONERING AV MÅLEFEIL

År	0	1	2	
Underliggjande rentabilitet, ekr*	0	0,2	0,2	
- Krav, ekk	0	0,1	0,1	
= Superrentabilitet, MF1 = SF	0	0,1	0,1	
Rentabilitet IFRS, ekr_{GRS}	-0,2	0,375	0,5	
- Underliggjande rentabilitet, ekr*	0,0	0,2	0,2	
= Målefeil av type 2, MF2	-0,2	0,175	0,3	
Underliggjande SF = MF1 = ekr* - ekk	0	0,1	0,1	
+ Målefeil av type 2, MF2 = ekr_{GRS} - ekr*	-0,2	0,175	0,3	
= Målt superrentabilitet, SF + MF2	-0,2	0,275	0,4	

MF1 = SF

MF2
SKAPER
«STØY»

MÅLT SF VERT
ET DÅRLEG AV-
BILDING AV
VERKELEG SF

INVESTERINGS-
TIDSPUNKT

DRIFTS-
FASE

07-48

2) INDIVIDUELL INNREKNING AV PORTEFØLJEINVESTERINGAR

ETTER GRS

... skal egedelar skal innreknast **individuell**
– altså egedel for egedel

→ INVESTERINGAR SOM **LUKKAST** SKAL MED VISSE UNNTAK BALANSEFØRAST OG PROSJEKT SOM **MISLUKKAST** KOSTNADSFØRAST

– eller nedskrivast; sjå punkt 3.2

Slik rekneskapsføring vert kalla

«SUCCESSFUL EFFORTS ACCOUNTING»

07-49

MEN

KVA MED «PORTEFØLJEINVESTERINGAR»?

ER IKKJE KOSTNADEN VED MISLUKKA PROSJEKT EIN DEL AV KOSTNADEN VED PROSJEKT SOM LUKKAST?

- DEI UTGJER PÅ EIN MÅTE EI NATURLEG «PORTEFØLJE» SOM MÅ SJÅAST SAMLA OG IKKJE INDIVIDUELT?

→ **DØME:**

- Tørre **oljebørn** er ein naturleg del av kostnaden til dei som er drivverdige
- Mislukka **forsknings- og utviklingsprosjekt** er ein del av kostnaden dei som lukkast

07-50

ENDRAR LITT PÅ DØMET

KVA OM DELAR AV PROSJEKTET MISLUKKAST?

La oss seie at **20** av investeringa på 100 er i **forsking**. **MEN** forskinga skjer i **to ulike prosjekt** – det eine lukkast og det andre mislukkast

BØR VI LA VERE Å BALANSEFØRE DET PROSJEKTET SOM MISLUKKAST?

SVAR: I ei verksemd som driv med forsking er mislukka prosjekt **ein del av drifta** – og derfor ein del av investert kapital. Mislukka prosjekt bør **balanseførast som ein del av ei «porteføljeverdning» for å redusere MF2!**

07-51

«GALSKAP»?

VI ER ALTSÅ VILLIGE TIL Å FØRE OPP I BALANSEN INVESTERINGAR SOM ER TAPTE – ELLER SOM ALTSÅ IKKJE EKSISTERER. **DETTE MÅ DÅ VERE «GALSKAP»?**

JA, FRÅ EIT KREDITORPERSPEKTIV ER DET «GALSKAP»,

... og der dermed ulovleg etter GRS

MEN ALTSÅ IKKJE DERSOM VI ØNSKJER Å REKNE RENTABILITET PÅ FAKTISK INVESTERT KAPITAL

07-52

3)

LÆRDOM MANGLANDE INNREKNING

MANGLANDE BALANSEFØRING GJENNOM

- **DIREKTE KOSTNADSFØRING** AV INVESTERINGSUTGIFTER OG
- **INDIVIDUELL** VURDERING AV «PORTEFØLJEINVESTERINGER»


GJER AT **RENTABILITETEN** FOR LØNSAME INVESTERINGER ER

- **UNDERVURDERT** I INVESTERINGSFASEN OG
- **OVERVURDERT** I HAUSTINGS- ELLER DRIFTSFASEN

SELSKAP X OVERVURDERT RENTABILITET?

Den **ujusterte** netto driftsrentabiliteten ndr i X er i gjennomsnitt på

14,2%



- Kan det vere at netto driftseigedelane er **undervurderte** pga **direkte kostnadsføring**, slik at ndr er overvurdert?

07-54

SELSKAP X ADK ER HØGE

OMGRUPPERT RESULTAT		-2	-1	0
Driftsinntekter	DI	1000	1100	1320
- Vare- og tenestekostnad	VTK	150	187	211
- Lønskostnad	LK	200	198	251
- Andre driftskostnader	ADK	403	401	482
= Ordinært driftsresultat før avskrivning (EBITDA)	DRFA	247	314	376
- Avskrivning	AVS	76	75	109
= Ordinært driftsresultat (EBIT)	DR	170	239	266
- Driftsrelatert skattekostnad	DSK	34	48	53
= Netto driftsresultat i eiga verksemd	NDRE	136	191	213
+ Nettoresultat frå driftstilknytte verksemdar	NDRT	-15	0	-8
= Netto driftsresultat	NDR	121	191	205

ADK i prosent av DI

37,8%

ADK er spesifiserte i note:

41,7% av ADK er marknadsføring, forskning og utvikling og liknande

07-55

3.2

DEN ANDRE KJELDA KRAV OM FEIL MODELL

I 2.3 KONKLUDERTE VI MED AT

- **NETTO DRIFTSEIGEDELAR BØR RAPPORTERAST TIL KOST**
- **NETTO FINANSIELL GJELD SOM IKKJE BLIR HALDE TIL FORFALL TIL VERKELEG VERDI**

- MEN GRS – DET VERE SEG NGRS ELLER IFRS – HAR

UNNTAK

FRÅ DETTE RAPPORTERINGSIDEALET I INVESTORORIENTERT ANALYSE

07-56

1)

DRIFTSEIGEDLAR TIL VERKELEG VERDI

IFRS **OPNAR** FOR Å RAPPORTERE

- VARIGE DRIFTSMIDLAR (IAS 16)
- IMMATERIELLE EIGEDLAR (IAS 38)

Sjå
førelesing
06

ETTER EIN VERDIMODELL. MEN DENNE OPSJONEN VERT **SK-JELDAN BRUKT** – OG ER DERMED INGA STOR KJELDE TIL MÅLEFEIL

→ EI MEIR ALVORLEG KJELDE TIL MF2 ER **KRAVET** OM Å RAPPORTERE VISSE DRIFTSEIGEDLAR TIL VERKELEG VERDI, SPESIELT

BIOLOGISKE EIGEDLAR

07-57

2)

NEDSKRIVING TIL VERKELEG VERDI

NEDSKRIVING

= **fjerning av investert kapital** pga at verkeleg verdi er mindre

Sjå førelesing **06**

→ DETTE KAN VERE

■ **FEIL** når nedskriving skjer etter ei individuell vurdering

■ **OK** når nedskrivinga skjer **etter ei porteføljevurdering**

Nedskriving fører til undervurdering av investert kapital. Derfor vil individuell nedskriving føre til **framtidig overvurdering av rentabilitet**. Men av og til vil investor «gje forlating for syndene» – og rebalansere eller altså nedskrive kapitalen, slik at rentabilitetsmålinga «kan starte på nytt». Dette bør eventuelt først skje dersom nedskriving er naudsynt etter ei porteføljevurdering?

07-58

TO NIVÅ – INDIVIDUELT ELLER PORTEFØLJE

LIKE EIGEDLAR KAN SJÅAST PÅ SOM EI PORTEFØLJE I **UTVIDA TYDING**:

		KOSTVERDI	VERKELEG VERDI
	Eigedel 1	KV_1	VV_1
+	Eigedel 2	KV_2	VV_2
	...	...	...
+	Eigedel N	KV_N	VV_N
=	PORTEFØLJE	KV_p	VV_p

→ **VURDERING AV KOSTNADSFØRING SOM TAP, DVS NEDSKRIVING, KAN SKJE PÅ TO NIVÅ:**

1) INDIVIDUELT NIVÅ: $VV_i < KV_{i^*}$ $i = 1, 2, \dots, N$

2) PORTEFØLJENIVÅ: $VV_p < KV_p$

07-59

INDIVIDUELL NEDSKRIVING KAN VERE FEIL NEDSKRIVING

«**FEIL**» **NEDSKRIVING** OG KOSTNADSFØRING AV TAP SKJER NÅR

$$VV_i < KV_i \text{ SAMSTUNDES SOM } VV_p \geq KV_p$$

KOSTVERDIEN VERT NEDSKRIVEN NÅR DET SAMLA SETT IKKJE ER NAUDSYNT ETTER EI PORTEFØLJEVURDERING

– SLIK AT DEN INVESTERTE KAPITALEN VERT

UNDERVURDERT

07-60

SELSKAP X NEDSKRIVING

Nedskriving er gruppert i unormal netto driftskostnad

ER DENNE NEDSKRIVINGA NAUDSYNT ETTER EI
PORTEFØLJEVURDERING?

ÅR			-1	0
Nedskriving	NED	38	0	0
+ Andre spesielle driftskostnader	ASDK	40	0	60
- Spesielle driftsinntekter	SDI	0	0	0
= Unormale driftskostnader - inntekter	UDK - UDI	78	0	60
- Skatt	dss · (UDK - UDI)	15	0	13
- Unormalt nettoresultat driftstilknytte	UNDRT	0	0	0
+ Driftsrelatert AFK og DSP	DAFK + DDSP	5	-8	63
+ Unormal skatt på DR	(dss - ndss) · DR	-2	0	3
+ Unormal skattekostnad	USK	0	0	0
= Unormale netto driftskostnader	UNDK	67	-8	114

07-61

3.3

DEN TREDJE KJELDA FEILPERIODISERING

EI TREDJE KJELDE ER AT BALANSEFØRTE EIGEDELAR VERT

FEILPERIODISERTE

OVER TID

➔ MEN

GRS INNEHOLD OFTE **DETALJERTE REGLAR**
FOR PERIODISERING, SLIK AT DENNE MÅLEFEILEN IKKJE SKAL
VERE SYSTEMATISK

Sjå førelesing **06**

DØME FEILPERIODISERING

Ei verksemd investerer i «eigedelar» som kostar kr 100 – og eigedelane genererer ein kontantstraum frå drift på kr 70 i år 1 og kr 60 i år 2. **I år 2 kan eigedelane seljast eller altså utrangerast for 20**

➔ **Internrenta til investeringa, r^* , er 31%.** Kapitalkravet er 10% slik at dette er ei lønsam investering som skaper ein superrentabilitet på 21%

SPØRSMÅL:

KVA SKJER MED MÅLEFEILEN DERSOM VI IGNORERER UTRANGERING I AVSKRIVINGANE AV INNREKNA VERDI PÅ 100?

07-63

FEILPERIODISERING AV AVSKRIVING

FINANSREKNESKAP DER EIGEDELANE VERT AVSKRIVNE **LINEÆRT TIL NULL, SJØLV OM DEI HAR UTRANGERINGSVERDI, NOKO SOM GJEV MÅLEFEIL AV TYPE 2**

År	0	1	2
Kontantstraum frå drift	0	70	60
- Kontantstraum til investering	100	0	-20
= Fri kontantstraum frå drift	-100	70	80
+ Innrekning eller balanseføring	100	0	0
- Avskriving av innrekna verdi	0	50	50
= Resultat	0	20	30
- Utbyte	-100	70	80
= Endring i eigenkapital	100	-50	-50
Eigedelar	100	50	0
Eigenkapital	100	50	0
Superrentabilitet, $MF1 = SF = ekr^* - ekk$	0	$0,31 - 0,1 = 0,21$	$0,31 - 0,1 = 0,21$
+ Målefeil av type 2, $MF2 = ekr - ekr^*$	0	$0,2 - 0,31 = -0,11$	$0,6 - 0,31 = 0,29$
= Målt superrentabilitet = $SF + MF2 = r - k$	0	0,1	0,5

AVS = 100/2 = 50

ekr i år 1: $20/100 = 0,2$

ekr i år 2: $30/50 = 0,6$

Manglande særperiodisering for utrangering skaper **underrapportering** av rentabilitet for utrangering og **overrapportering** ved utrangering

07-64

MEN

IFRS TEK OMSYN TIL UTRANGERING!

År	0	1	2
Fri kontantstrøm fra drift	-100	70	80
+ Innrekning - frårekning	100	0	-20
- Avskrivning	0	40	40
= Resultat	0	30	20
- Utbyte	-100	70	80
= Endring i egenkapital	100	-40	-60
Eigedeler	100	60	0
Eigenkapital	100	60	0
Superrentabilitet, $MF1 = SF = ekr^* - ekk$	0	$0,31 - 0,1 = 0,21$	$0,31 - 0,1 = 0,21$
+ Målefeil av type 2, $MF2 = ekr_{GRS} - ekr^*$	0	$0,3 - 0,31 \approx 0$	$0,33 - 0,31 \approx 0$
= Målt superrentabilitet $= SF + MF2 = r_{GRS} - k$	0	0,21	0,21

ekr_{GRS} i år 1: $30/100 = 0,3$
 ekr_{GRS} i år 2: $20/60 = 0,33$

LÆRDOM

SPEIELL REKNESKAPSFØRING KNYTT TIL SPEIELL FORHOLD VED KONTANTSTRØMEN, SLIK SOM UTRANGERING, REDUSERER MÅLEFEIL AV TYPE 2

... SLIKT ER DET MYKJE AV I IFRS

... røft rekna

07-65

LÆRDOM

LINEÆR AVSKRIVING

SJØLV OM LINEÆR AVSKRIVING VERT BRUKT I PRAKSIS

TRENG DET **IKKJE** Å SKAPE STORE MÅLEFEIL

DERSOM DET ER SÆRPERIODISERING FOR UTRANGERING, PERIODISK VEDLIKEHALD OG ULIKE AVSETNINGAR

07-66

FØRELESING 07

4.

MÅLEFEIL AV TYPE 3

«THE UGLY»

INNHALD

4.1 $MF3 = KRF$, DEFINISJON OG DØME

4.2 KVIFOR MANIPULERE REKNESKAPEN?

4.3 FORMER FOR MANIPULERING

4.4 FARESIGNAL - DIAGNOSTISKE FORHOLDSTAL

→ JUSTERING FOR DIAGNOSTISERT KRF, SJÅ FØRELESING 08



07-67

4.1

MÅLEFEIL AV TYPE 3

«THE UGLY»

$$MF3 = ekr - ekr_{GRS}$$

ekr er rapportert egenkapitalrentabilitet

ekr_{GRS} er egenkapitalrentabilitet etter god rekneskapskikk, GRS – det vere seg NGRS eller IFRS

→ MÅLEFEIL PGA KREATIV REKNESKAPSFØRING (KRF) OG/ELLER TILFELDIGE FEIL. DVS VERKSEMMA RAPPORTER NOKO ANNA ENN DET HO SKAL ETTER GRS

07-68

DØME KREATIV REKNESKAPSFØRING

	Fri kontantstrøm frå drift	-100	70	60
-	Avskrivning	-80	40	40
=	Resultat etter IFRS	-20	30	20

Resultatet på 30 i år 1 kan blåstast opp gjennom å redusere avskrivningane



MEN KOR MYKJE KAN AVS REDUSERAST
TIL UTAN Å VERKE MISTENKELEG?

Kanskje til 30 slik at RES aukar til
40, dvs med 33%?

07-69

DØME AVS = 0 I ÅR 1

	År	0	1	2
	Fri kontantstrøm frå drift	-100	70	60
-	Avskrivning	-80	30	50
=	Resultat	-20	40	10
-	Utbyte	-100	70	60
=	Endring i eigenkapital	80	-30	-50
	Eigedel	80	50	0
	Eigenkapital	80	50	0
	Rentabilitet, ekr	-0,2	0,5	0,2
-	Krav, ekk	0	0,1	0,1
=	Målt superrentabilitet = MF1 + MF2 + MF3	-0,2	0,4	0,1

I STRID MED
IFRS VERT
IKKJE
EIGEDEL
AVSKRIVEN
NOK I ÅR 1

Verknad: Blæs opp superrentabiliteten i år 1, men det har ein kostnad i år 2

07-70

DEKOMPONERING AV MÅLEFEIL

	År	0	1	2
	Underliggjande rentabilitet, ekr*	0	0,2	0,2
-	Krav, ekk	0	0,1	0,1
=	Superrentabilitet, MF1 = SF	0	0,1	0,1
	Rentabilitet IFRS, ekr_{GRS}	-0,2	0,375	0,5
-	Underliggjande rentabilitet, ekr*	0	0,2	0,2
=	Målefeil av type 2, MF2	-0,2	0,175	0,3
	Rapportert rentabilitet, ekr	-0,2	0,5	0,2
-	Rentabilitet IFRS, ekr_{GRS}	-0,2	0,375	0,5
=	Målefeil av type 3, MF3	0	0,125	-0,2
=	Målt superrentabilitet, SF+MF2+MF3	-0,2	0,4	0,2

MF1 =
SF

MF2
SKAPER
«STØY»

MF3
SKAPER
«STØY»

MÅLT SF VERT
ET DÅRLEG AV-
BILDING AV
VERKELEG SF

INVESTERINGS-
FASE

HAUSTINGS-
ELLER DRIFTSFASE

07-71

LÆRDOM MF3



KREATIV REKNESKAPSFØRING I FORM
AV «ACCRUALS MANAGEMENT» FØRER VANLEGVIS TIL
AT

- **RESULTAT VERT BLÅST OPP**
- **MEN RESULTATET I EIT SEINARE ÅR BLIR REDUSERT**

➔ LÅNER RESULTAT FRÅ FRAMTIDA TIL ÅRET DER
RESULTATET TRENGS **FOR Å SKAPE INNTRYKK**
AV GOD LØNSEMD

07-72

4.2

KVIFOR MANIPULERE TALA?

... FOR Å **SJÅ BETRE UT**, dvs meir lønsam og/eller mindre risikabel, ENN DET VERKSEMDA ER ETTER GRS

→ **DØME:**

1) Hente pengar i kapitalmarknaden

→ Incentiv til å blåse opp resultatet for å få pengane rimelegare, anten lågare rente på gjeld eller høgare emisjonskurs

2) **Bonus**, rekneskapsbasert eller aksjebasert → Incentiv for leiinga å blåse opp tala for å få **høgare** bonus

07-73

4.3

FORMER FOR MANIPULERING/KRF

1) KRF FOR Å **AUKE RESULTATET** I EIN PERIODE:

1) ACCRUALS/EARNINGS MANAGEMENT

2) REAL EARNINGS MANAGEMENT

3) CLASSIFICATION SHIFTING

2) FOR Å **STABILISERE RESULTATET** FOR Å FRAMSTÅ SOM **MINDRE RISIKABEL**:

INCOME SMOOTHING

07-74

KRF I PRAKSIS


“THE SEVEN SHENANIGANS”/”DEI SJU SYNDENE”

1) INNTEKTSFØRING

- Recording **Revenue** Too Soon
- Recording Bogus **Revenue**
- Boosting **Income** Using One-Time or Unsustainable Activates
- Shifting Current **Income** to a Later Period

2) KOSTNADSFØRING

- Shifting Current **Expenses** to a Later Period
- Employing Other Techniques to Hide **Expenses** or Losses
- Shifting Future **Expenses** to an Earlier Period



Dette er “the seven **earnings** manipulation shenanigans”. I tillegg er det “cash flow shenanigans” og “key metric shenanigans”

07-75

1.1)

AGGRESIV INNTEKTSPERIODISERING

Salsinntekt

= kundeinnbetaling

+ **auke i kundefordringer**

«Accruals management»
= Periodiseringstilpassing eller -manipulering



1. Produsere **falske** fordringar
2. Rekne inn fordringar **for tidleg**, for eksempel når kunden syner interesse


07-76

FAST OPPBLÅSTE KUNDEFORDRINGAR

Oppblåst kvartal

- I fjerde kvartal i 2006 presenterte Fast Search & Transfer egne aksjonærer og markedet for opplysninger om at nær **20 millioner dollar** av driftsinntektene på **48 millioner dollar** kom fra Australia og Asia.
- Av dette utgjorde en intensjonsavtale med australske **Telstra** hele **14,5 millioner dollar**, nær 1/3 av de totale driftsinntektene i kvartalet. En endelig avtale ble imidlertid aldri signert av Telstra.

Geografiske salg, Millioner dollar



Inntekter fra Australia og Asia nesten 20 mill USD

... 14,5 av dette får intensjonsavtale

Altså rekneskapsførte Fast inntekter basert på ein lausleg avtale

Vanlegvis skal inntekter rekneskapsførast ved levering, som er transaksjonstidspunktet

07-4-77

1.2) FORSIKTIG KOSTNADSPERODISERING

Driftskostnader

- = driftsutbetaling
- auke i driftseigedel
- + auke i driftsgjeld

Til dømes: Varekostnad = kjøp - (UB varer - IB varer)

- «Accruals management»
1. «Finne» fleire varer på lageret
 2. Avsette for lite til tap på krav
 3. Rekne inn driftsutgifter som eigedel
 4. ...
 5. Avskrive for lite

SPONSOR SERVICE BALANSEFØRING AV PERIODEUTGIFTER

Sponsor Service AS hadde tvilsam rekneskapsføring på fleire områder, til dømes:

«Beløpet som Sponsor Service hadde i utgifter knyttet til jubileumsprosjektet ble ikke ført opp som del av selskapets driftskostnader dette året. Det er derimot ført rett inn i selskapets balanse, det vil si verdibeskrielse. Den umiddelbare effekten av denne typen regnskapsgrep er dobbel: For det første blir driftsresultatet i det året festlighetene fant sted forbedret med 13 millioner kroner. For det andre blåses selskapets verdier opp med tilsvarende beløp.» (Dagens Næringsliv)

DK = 13 - (13 - 0)

Auk ein «eigedel» med same beløp. Vips er SS kvitt kostnaden for i år, men han står i balansen

Festen kostar 13 millionar – i utgangspunktet ein driftskostnad



07-79

2)

«REAL EARNINGS MANAGEMENT»

Dvs å gjere noko **reelt** med drifta som er skadeleg for selskapet på lang sikt for på kort sikt å blåse opp resultatet

→ DØME

Fordringane **periodiserer** driftsinnbetalinga til rett periode, sjå 1.1)

Driftsinntekt = driftsinnbetaling + endring i fordringar

Gje **rabatt** i år for å auke salet, sjølv om det til neste år vil føre til press på prisane

07-80

3)

KLASSIFIKASJONS-SKIFTING

	Driftsinntekter	
-	Driftskostnader	↓
=	Netto driftsresultat	↑
-	Unormal netto driftskostnad	2) NDR aukar ↑
=	Fullstendig netto driftsresultat	

1) Flytte DK til UDK

→ Klassifikasjonsskifting («**classification shifting**») er å rapportere eller ynte frampå om at ein normal driftskostnad er eller kan vere unormal for slik å få analytikarar til å **feilklassifisere** kostnaden som unormal slik at deira estimat på normale driftsresultatet aukar. Det er normalresultatet («core earnings») som er mest relevant for prediksjon og dermed for verdigrundvurdering

07-81

4)

RESULTAT-STABILISERING

Resultatstabilisering eller «income smoothing» er å **redusere** resultatet litt når det er **godt** og **auke** resultatet litt når det er **dårleg**

$$\text{NDR} \uparrow = \text{FKD} + \Delta \text{NDE} \uparrow$$

1) NDR aukar når verdien på netto driftseigedelar aukar, dvs $\Delta \text{NDE} > 0$

2) NDR minkar når NDE minkar, dvs $\Delta \text{NDE} < 0$

07-82

4.4

FARESIGNAL DIAGNOSTISK FORHOLDSTAL

Eit diagnostisk forholdstal for å avdekkje kreativ rekneskapsføring er eit forholdstal som gjerne knytt til **graden eller intensiteten** på inntekts- og kostnadsføring

→ **FARESIGNAL**

Generelt om forholdstal, sjå føreling 09

DIAGNOSTISK FORHOLDSTAL AVVIK **MYKJE** I
NEGATIV LEI FRÅ DET «NORMALE»

OVER

TID ELLER I HØVE TIL BRANSJEN

07-83

DØME PÅ DIAGNOSTISKE FORHOLDSTAL

1) Inntektsføring

Omløpet til driftsfordringar = driftsinntekter/driftsfordringar

Kvaliteten på driftsfordringane er høg dersom omløpet deira er høgt og stabilt i høve til bransjen

2) Kostnadsføring


Avskrivingsprosent = avskrivningar/(immaterielle eigedelar + varige driftsmidlar)

Kvaliteten på avskrivningane er høg dersom dei er høge og stabile i høve til immaterielle eigedelar og varige driftsmidlar

07-84

1)

SELSKAP X DIAGNOSE - INNTEKTER




X har eit litt **lågare omløp** på driftsfordringar enn bransjen, noko som tyder at driftsfordringane er relativt **høgare** i X enn i bransjen. Kvaliteten på driftsfordringane er **litt dårlegare** enn i bransjen, men er så stabile at det **ikkje er mistanke** om kreativ rekneskapsføring

07-85

2)

SELSKAP X DIAGNOSE - KOSTNADER



X har ein litt **høgare og meir stabil** avskrivingsprosent enn bransjen, noko som tyder på at kvaliteten på avskrivningane er **høgare** enn i bransjen. Dermed er det **ikkje mistanke om kreativ rekneskapsføring**

(Dersom fallet i avskrivingsprosent i år -1 skjedde berre for X ville dette vere meir mistenkeleg – og kan gje grunnlag for å justere avskrivningane mot bransjeggjennomsnittet – om der også er insentiv til manipulering)

07-86